



DET KONGELEGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

# Prop. 174 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## Endringar i statsbudsjettet for 2013 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 7. juni 2013,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar**

---

#### **1.1 Innleiing**

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i folketrygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2013. Endringane for legehjelp og psykologhjelp vert gjort på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening. Arbeidet med endring av forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi med endra takstar for fysioterapeutane, vert i år utført med offentleg høyring. Det skal haldast høyrings-/drøftingsmøtar med dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund. Endringar i takstane som avtalane og høyringa inneber, blir fastsett i forskrifter. Forhandlingane med Legeföreningen og Psykologforeningen og høyringa med høyrings-/drøftingsmøta med fysioterapeutorganisasjonane er enno ikkje avslutta.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løyvingsendringar.

#### **1.2 Fastsetting av basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar**

Basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar vert fastsett for perioden 1. juli til 30. juni påfølgjande år. Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2013 vedtok Stortinget å auke eigendelane for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi med 2,6 pst. frå 1. juli 2013. Refusjonsutgiftene vert tilpassa dette.

Tingingane med Den norske legeförening og staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. juli 2013 – 30. juni 2014, tok til i midten av mai 2013. Det same gjeld tingingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening og staten og dei regionale føretaka. Ingen av desse forhandlingane er avslutta. Partane held fram tingingane med sikte på å nå fram til avtalar i løpet av juni. Høyringsnotat om endra forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi blei sendt på

Endringar i statsbudsjettet for 2013 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

høyring tidleg i juni og ny forskrift skal fastsettast innan 1. juli.

Spørsmålet om eventuelle endringar i utgiftene til folketrygda som følgje av nye avtalar frå 1. juli med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening og ny forskrift med endra takstar for fysioterapeutane kan ikkje leggjast fram for Stortinget til handsaming i vårsesjonen. Regjeringa gjer difor framlegg om at det blir gitt fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane som følgje av dei avtalane partane eventuelt kjem fram

til, samt endra forskrifter. Løyvingssakene vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Helse- og omsorgsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2013 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2013 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2013 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

I

Stortinget samtykker i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løyvingane til trygderefusjonane for legehjelp, psyko-

loghjelp og fysioterapi frå 1. juli 2013. Endringane vil bli gjort på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening og den pågåande høyringsprosess for endringar i forskrift om stønad til dekning av fysioterapi.